

Padla og kom i vasschooter til friluftsgudsteneste på Skorpo.

19.07.2020



Friluftsgudstenesta på Skorpo i dag samla mykje folk, fastbuande, hyttefolk og tilreisande. Bilete syner om lag halvparten av alle som var tilstades.

Den årlege gudstenesta i Vågen og Skorpo samla meir folk enn på lenge. Mange var hyttefolk og andre tilreisende. Dei som truleg hadde reist lengst, kom frå Østerrike og Tyskland. Litt artig var det at far til soknepresten kom til Skorpo med vasschooter. Ole Kristoffer Vågen er skysskar og systema, Annbjørg, er klokkar og vertsskap med kyrkjekaffi og kaker. Nils Rainer Vågen spelte preludie og postludie på horn.

Sokneprest Kjersti Brakestad Boge var liturg og talte over teksten frå Lukas 15, 1 - 10. Tema er den nådige Gud, han som bryr seg om alle i alle situasjonar, særleg om dei som har det vanskeleg i livet. I det vakre landskapet på Skorpo med mektige Ulvanoso og Englafjell i bakgrunnen høvde det godt med Edvard Hoem sin salme: No kallar sol og sommarvind, til melodi av Henning Sommero.



Matkomiteen i arbeid. F.v: Nils Rainer, Nikolai og Annbjørg, alle med etternavnet Vågen.

Padlarane kom frå Beinavikjo i Uskedalen. To av dei hadde reist langt. Vanessa Hartner kjem frå Klagenfurt i Østerrike, kjærasten hennar, Corbinian Englisch, frå Barmberg i Tyskland. Begge tek medisinstudie på universitetet i Graz i Østerrike.

Gudstenesta på Skorpo går tilbake til den tida då Tor Øystein Holm var sokneprest i Kvinnherad prestegjeld frå 1989 til 2001. Han var ivrig på å få til friluftsgudstenester, også på Skorpo, fyrst oppe i tunet hos Johannes Hauge, seinare i Vågen hos Ole Kristoffer.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Jan Helge Pile, Vanessa Hartner (dotter til Jan Helge) og Corbinian Englisch padla til Skorpo i dag for å gå på gudsteneste.